

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Ålesund -

**Dato:** 10.03.2025

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:00

### Til stades:

- |                                |                                  |
|--------------------------------|----------------------------------|
| 1. Paula Næss Skår             | Leiar i Brukarutvalet HMR        |
| 2. Janne Remøy Endresen        | Nestleiar (deltok via teams)     |
| 3. Atle Tangen                 | Medlem                           |
| 4. Kai Knutsen                 | Medlem                           |
| 5. Lasse Alexander Honningsvåg | Medlem                           |
| 6. Per Øvermo                  | Medlem                           |
| 7. Bjørn Aske                  | Medlem                           |
| 8. Evy Svansemli               | Medlem                           |
| 9. Oddrun Annie Stensø Nasvik  | Medlem                           |
| 10. Liv Johanne Ekornes        | Første vara møtt for Brit Harsem |

### Ikkje møtt:

Namn

Brit Harsem

Meldt forfall

### Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Stilling

Sekretær

### Merknad i møte:

Pasient- og Brukarombod Hanne Stenseth-Haavde deltok via teams

*Møteprotokollen er godkjend i møtet*

## SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
13/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
14/25	Orientering frå administrerende direktør
15/25	Statusrapport - januar 2025
16/25	RASK-prosjekt frå Klinikk for Diagnostikk
17/25	Referatsaker
18/25	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
19/25	Oppnemning til råd og utval
20/25	Status Utviklingsarbeid innan palliativt tilbod
21/25	Årsrapport 2024 Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal
22/25	Handlingsplan 2024-2025 Brukarmedverknad i Helse Møre og Romsdal
23/25	Eventuelt

### 13/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 13/2025 i møte den 10.03.2025

#### Behandling

Medlem Brit Harsem hadde meldt forfall - 1. vara Liv Johanne Ekornes møtte

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

### 14/25 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 14/2025 i møte den 10.03.2025

#### Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel gav brukarane ei kort orientering om mellom anna saker som kjem til styremøtet den 12.03.25

Ventelister - Det har vore mykje feil i ventelistene etter Helseplattformen vart tatt i bruk. Arbeid med listene har kravd mykje av våre tilsette. Aktiviteten synar no ei stigande kurve og grønne tal for januar samla sett for psyk og somatikk.

Ventetidsløftet har vore ei særskilt utfordring for Helse Møre og Romsdal.

Prioriterte oppdrag for Helse Møre og Romsdal i 2025:

- Økonomisk kontroll - bærekraftig drift
- Innflytting på Hjelset
- Ventetidsløftet
- Utvikling og forbetring av Helseplattformen
- Rekruttering og arbeid med HMS (reduksjon i sjukefråvær)

Protesekirurgi som dagbehandling har vore ei viktig sak. Saken vart styrebehandla i november 2024.

Føretaksprotollen krev ei ny vurdering og at saka takast opp att i styremøtet 12.03.25. Protosekirurgi som dagbehandling er ikkje etablert, men eit utprøvande prosjekt. Med tanke på pasientsikkerheit vurderer Helse

Møre og Romsdal at det trengs døgnenger tilgjengeleg for å kunne behandle protesepasientane trygt. Ikkje alle er utskrivingsklare etter ein slik operasjon, det kan være behov for akuttsenger i etterkant for nokre pasientar.

SNR Kristiansund skal være eit distriktsmedisinsk senter der ein har tilbod som trengs ofte og nært på dagtid mellom kl. 08:00 - 16:00. Akutthjelp skal være på SNR Hjelset.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal takkar for ei god orientering frå administrerande direktør - og brukarane gleder seg over ei positiv utvikling i høve til økt aktivitet og reduksjon i ventetider.

Framleis er ventetida i Helse Møre og Romsdal for lang - og brukarutvalet er uroa for at pasientar som står på ventelistene ikkje blir følgt opp. Det er viktig at god - og riktig, informasjon går ut til dei ventande.

Brukarutvalet er uroa for kva omstillinga og innsparringa i føretaket har å seie for pasienttilbodet i Møre og Romsdal.

I saka om protesekirurgi til kommande styremøtet så støttar brukarutvalet innstillinga som er sendt til styret - og at pasientsikkerheten blir satt som førsteprioritet i saka.

### **15/25 Statusrapport - januar 2025**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 15/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

Økonomidirektør Randi Myhre gav brukarane ein kort gjennomgang av statusrapport for januar 2025. Februartala er ikkje klar før etter 12. mars.

Januar syner:

- Negativt avvik frå budsjett på minus 2,1 MNOK
- Budsjettert underskot i januar på minus 38,8 MNOK

Ein ny modell er under utvikling for å kunne rapportere på alle tiltak som er innarbeidde i HMR sitt budsjett. Om mogleg skal brukarutvalet få ein orientering om dette i møtet i april.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal takkar økonomidirektør for gjennomgang av tal for januar 2025.

Brukarutvalet HMR er uroa for kva konsekvensar dei ulike innsparringstiltaka vil ha å seie for pasienttilbodet.

## **16/25 RASK-prosjekt frå Klinik for Diagnostikk**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 16/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

**RASK-prosjektet frå Klinik for Diagnostikk** vart presentert av rådgivar Ida Fallmyr Jørgensen, og avdelingssjef akutt, operasjon og intensiv Elin Dybvik.

### **Raskare diagnostikk med KI**

**Prosjektets formål:** Ta i bruk KI-verktøy som bidrar til forbetring av tenester til innbyggjarane i Møre og Romsdal, herunder raskare diagnostikk og kortare behandling for pasientar og brukarar på ein sikker og effektiv måte.

#### **Gevinst - Pasienten:**

- Kortare ventetid for pasientar som kan sendast heim ved negativ røntgen
- Raskare behandling for pasientar med skjelett- eller blautvevsskadar med behov for tilsyn ved skadepoliklinikkane

#### **Gevinst - Radiologi:**

- Med KI-støtte prioritere dei pasientane som treng det mest først
- I 2023 om lag 18 ø. hjelp til konvensjonell røntgen (HMR, alle kategoriar)
- Hindre avbrot og samtidigheitskonfliktar = raskare svar

#### **Gevinst - Skadepol/akuttmottak:**

- Meir tid til dei alvorleg sjuke pasientane
- Unngå at mottak/skadepol fyllast opp med pasientar som kan sendast heim med støtte frå KI, spesielt kveld/natt/helg

Prosjektleiinga ber om ein brukarrepresentant til å vere med på å teste informasjon som skal leggjast ut til publikum.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om RASK-prosjektet til vitende

## **17/25 Referatsaker**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 17/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har gjort seg kjend med følgjande referat:

1. Møte nr. 2-25 Teamsmøte - Ungdomsrådet HMR
2. Møteprotokoll HNTs brukarutvalg 07.02.25
3. Protokoll HNTs brukarutvalg 14.02.25
4. Protokoll RBU 05.02.25
5. Protokoll fra styremøte i Helse Møre og Romsdal 05.02.25
6. Uttale frå Styret i Landsforeningen for amputerte i Møre og Romsdal 09.02.25

## Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal ønskjer å arbeide med saker som vart nemnd i punkt 3 og 5 i **Protokoll frå RBU 05.02.25 - Styresak 006-2025 Statusrapport Helseplattformenmelde** - og melder derfor dette inn som sak til nettverksmøte for brukarutvala i april 2025

- **Punkt 3:** *"RBU er tilfreds med at det nå foreligger en konkret plan med en tidslinje for når automatisk deling av journal til HelsaMi skal være iverksatt. Dette er på tide og det forventes at iverksetting er gjennomført i alle sykehusforetak innen 1. april 2025, slik det nå er satt krav om"*
- **Punkt 5:** *"RBU vil drøfte om det bør tas initiativ overfor alle brukerutvalgene i foretaksgruppen Midt-Norge om et felles brev om kostnadsbildet i fastlege/ legevaktløsningen. For brukerutvalgene er det avgjørende at man lykkes med innføring og da må løsningen være konkurransedyktig på økonomi, effektivitet, brukervennlighet i tillegg til samhandlingsgevinstene. RBU mener at her må statsråden på banen for å løse den økonomiske siden, og det vil bli vurdert å ta et initiativ i forhold til det. RBU viser til anbefaling i Riksrevisjonens rapport"*

Sekretær i BU blir bedt om å sende vedlagt brev frå Landsforeininga for amputerte til klinikkjef for Kreftbehandling og rehabilitering til orientering.

## 18/25 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 18/2025 i møte den 10.03.2025

### Behandling

Her følgjer ei oversikt over råd og utval som brukarane har delteke på sidan førre registrering.

Paula Næss Skår	<ul style="list-style-type: none"><li>• 29.01.2025 - Styremøte i HMR</li><li>• 03.02.2025 - Ekstra BU-møte</li><li>• 05.02.2025 - Ekstra styremøte i HMR</li><li>• 11.02.2025 - Arbeidsmøte til BU</li><li>• 26.02.2025 - Møte i Strategisk samarbeidsutvalg</li><li>• 27.02.2025 - ROS Ortopedi SNR</li><li>• 03.03.2025 - ROS Ortopedi SNR</li><li>• 05.03.2025 - Samtale med AD HMR</li></ul>
Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none"><li>• 27.01.2025 - BU HMR Fysisk</li><li>• 29.01.2025 - Styremøte HMR Fysisk</li><li>• 30.01.2025 - KEK, Ålesund Fysisk</li><li>• 03.02.2025 - Ekstraordinært BU Teams</li><li>• 05.02.2025 - Ekstraordinært styremøte HMR Fysisk</li><li>• 11.02.2025 - AU BU HMR Teams</li><li>• 11.02.2025 - FSU Svangerskap, fødsel og barsel Teams</li><li>• 13.02.2025 - Kreft og Rehab. Leiinga sin gjennomgang Og Kvalitetsråd Fys</li><li>• 14.02.2025 - AIO Teams</li><li>• 21.02.2025 - LSU Volda Fysisk</li><li>• 24.02.2025 - FSU Svangerskap, fødsel og barsel, gruppearb. Teams</li><li>• 26.02.2025 - KEK, Molde Fysisk</li></ul>
Lasse Honningsvåg	<ul style="list-style-type: none"><li>• 03.02.2025 - Innlegg om angst på arbeidssamling: Barn og unges helseteneste</li><li>• 18.02.2025 - Arbeidsmøte - ressursside: Barn og unges helseteneste</li><li>• 25.02.2025 - Møte i Faglig samarbeidsutvalg for barn og unge</li><li>• 28.02.2025 - Prosjektgruppemøte - Barn og unges helseteneste</li><li>• 03.03.2025 - Nettverksmøte, Kristiansund og omegn - BUHT</li><li>• 04.03.2025 - Nettverksmøte, Ålesund og omegn - BUHT</li><li>• 05.03.2025 - Nettverksmøte, Volda og omegn - BUHT</li></ul>
Kai Knutsen	<ul style="list-style-type: none"><li>• 17.01.2025 - Brukermedvirkning, bemanning hovedinngang</li><li>• 24.01.2025 - KDE kvalitets/samarbeidsråd</li><li>• 27.01.2024 - Brukerutvalgsmøte HMR</li><li>• 29.01.2025 - Kvalitetsråd klinikk for psykisk helse og rus</li><li>• 30.01.2025 - Klinisk etikk komitè</li></ul>
Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none"><li>• 30.01.2025 - KEK i Ålesund</li><li>• 26.02.2025 - KEK i Molde</li></ul>
Evy Svanemslis	<ul style="list-style-type: none"><li>• 06.02.2025 - Sykehusapotekene i Midt Norge</li></ul>
Bjørn Aske	<ul style="list-style-type: none"><li>• 27.02.2025 - Helsefelleskapet</li><li>• 06.03.2025 - Kreftforeningen (brukerrepresentant)</li><li>• 07.03.2025 - Kreftforeningen (brukerrepresentant)</li></ul>

### Vedtak

Ingen vedtak

## 19/25 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 19/2025 i møte den 10.03.2025

### Behandling

1. Brukarrepresentant til prosjektgruppe for oppstart av ny operasjonsmetode for brokk
2. Brukarrepresentant til RASK-prosjektet
3. Oppdragsdokument 2025 HMN25-003 - *"Gjennomgang av områder med lengst ventetider og ventelister Helseforetaket skal gjennomgå praksis med oppgavedeling, rettighetsvurderinger og kontroller innenfor minimum de fem fagområdene med lengst ventetider og ventelister, med mål om å redusere antall unødvendige konsultasjoner, sikre bedre pasientflyt og et mer likeverdig helsetilbud i regionen. Brukerorganisasjonene skal involveres via brukerutvalget"*

### Vedtak

**Brukarrepresentant til prosjektgruppe for oppstart av ny operasjonsmetode for brokk: Janne Remøy Endresen.**

- Representanten tar kontakt for å avtale informasjonsmøte i uke 12.
- Kontaktperson: Jon Olav Backer Hjorthaug.

**Brukarrepresentant til RASK-prosjektet: Bjørn Aske**

- Sekretær for BU melder inn navn og kontaktinformasjon
- Kontaktperson: Ida Jørgensen

**Oppdragsdokument 2025 HMN25-003 - "Gjennomgang av områder med lengst ventetider og ventelister Helseforetaket skal gjennomgå praksis med oppgavedeling, rettighetsvurderinger og kontroller innenfor minimum de fem fagområdene med lengst ventetider og ventelister, med mål om å redusere antall unødvendige konsultasjoner, sikre bedre pasientflyt og et mer likeverdig helsetilbud i regionen.**

***Brukerorganisasjonene skal involveres via brukerutvalget"***

- Sekretær for BU skal etterspør brukermedverknad
- Kontaktperson: Fagdirektør

## 20/25 Status Utviklingsarbeid innan palliativt tilbod

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 20/2025 i møte den 10.03.2025

### Behandling

Status Utviklingsarbeid innan palliativt tilbod vart gjeve av Klinikksjef for kreftbehandling og rehabilitering Siri Frilund Talseth og overlege anesthesiologi Svein Alan Rønning.

- Tilbodet skal gjelde alle diagnoser
- Koordinator oppfølgingsarbeidet til pasienten
- Det søkaste om samhandlingsmidler til prosjektet - søknadsfrist 1. mai
- Link mellom kommune og sykehus - by på tverrfaglig samarbeid kommune og sykehus - interkommunalt prosjekt.
- Meldingsfunksjonen skal gå via HP
- Ålesund sjukehus har koordinator berre for pasientar med kreftdiagnose.
- Brukarrepresentant Janne Remøy Endresen sitter som brukarrepresentant i prosjektet
- Prosjektet kan hindre unødvendige sjukehusinnleggingar
- Gode samhandlingsarenaer er viktig - prosjektet kan også fremme intern samhandling i Sjukehuset

## **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status utviklingsarbeidet innan palliativt tilbod til vitende. Brukarutvalet ber om meir informasjon om prosjektet før det blir satt i gang – starten av 2026

## **21/25 Årsrapport 2024 Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 21/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

Årsrapport 2024 Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vart behandla i møtet.

Godkjend årsrapport skal leggjast fram i styremøte 12.03.25 og deretter sendast ut til Regionalt brukarutval, dei andre brukarutvala i Helse Midt-Norge, Brukarorganisasjonane, Helsefellesskap, Ungdomsrådet og postmottak i kommunane

### **Vedtak**

Årsrapport 2024 for Brukarutvalet HMR vart godkjend i møtet.

## **22/25 Handlingsplan 2024-2025 Brukarmedverknad i Helse Møre og Romsdal**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 22/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

Gjennomgang og redigering av Handlingsplan 2024-2025 for Brukarutvalet HMR. Arbeidet med redigering fortsetter i arbeidsmøte før handlingsplanen blir lagt fram att for brukarutvalet for endeleg godkjenning.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek gjennomgang av Handlingsplan 2024-2025 til vitende.

## **23/25 Eventuelt**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 23/2025 i møte den 10.03.2025

### **Behandling**

#### **Skriftelg tilbakemelding frå Pasientreiser på spørsmål stilt i Brukarutvalsmøtet 27.01.2025:**

Svar på spørsmåla kjem frå Fagforum for Innbyggertjenester:

#### **1. Er det digitale saksbehandlingssystemet PRO godt nok?**

Problemstilling fra brukarutvalget - > pasient sender inn krav om reisestøtte, har tidligere sendt likelydende krav gjentatte ganger, får alltid avslag, men ringer brukerstøtte i Pasientreiser og saken blir omgjort uten at det sendes inn ny dokumentasjon. Hvorfor omgjøres saken bare på bakgrunn av en telefon? Hva med de som ikke ringer?

Vi svarte ut i møtet at størstedelen av krav som sendes inn behandles automatisk og at det mest sannsynlig manglet dokumentasjon i sakene.



Tilbakemelding fra Pasientreiser HF som har ansvar for behandling av reisekrav er – **når en sak revideres er dette typisk med bakgrunn i at det gis tilleggsinformasjon fra søker som ikke var gitt før opprinnelig vedtak.**

Veldig ofte gjelder det manglende dokumentasjon, som vi også nevnte, pasientene tenker nok at de har sendt inn dokumentasjon i tidligere sak og at det derfor ikke skal være nødvendig å sende på nytt. Det er viktig å få ut informasjon om at dokumentasjon MÅ følge hver enkelt sak, ved automatisk behandling vil det bli avslag ved manglende dokumentasjon. Ved telefonkontakt for å opplyse at dokumentasjon ligger i en tidligere sak, eller ved ettersendelse av dokumentasjon, vil saken kunne omgjøres. Pasienter har selv et ansvar for å følge opp saker, dersom de mener vedtaket ikke er riktig

## **2. Knytte HelsaMi opp mot Pasientreiser**

Brukerutvalget nevnte at man burde slippe å forholde seg til flere kanaler for helseinformasjon. Siden det nå anbefales her i Helse Midt-Norge at pasientene må ta i bruk HelsaMi-appen, ønskes det at det også er mulig å få med pasientreiseinformasjon der. Det er frustrerende å måtte forholde seg til mange kanaler.

Tilbakemelding fra Pasientreiser HF er;

Pasientreiser HF samarbeider med HelseNorge, denne kanalen når alle pasienter uansett hvilken helseregion de tilhører. Et slikt samarbeid krever betydelige ressurser, både for å bygge og tilpasse systemer, og det er ikke aktuelt på det nåværende tidspunkt å bruke store ressurser på en løsning som kun når noen få.

## **3. Finne igjen dokumenter som er lastet ned i sak**

Brukerutvalget ønsket på vegne av sine medlemmer mulighet til å kunne finne igjen hvilke dokumenter de har lastet ned i sak. Det ble nevnt at etter at et dokument er lastet opp og sendt, så har de ikke mulighet til å se dokumentet.

I denne saken var det også flere HF som meldte om svakheter, at oversikten ikke er god nok.

Det ble fra Pasientreiser HF sin side sagt at dette ville de se litt nærmere på, det var usikkerhet om man faktisk kunne åpne et vedlegg i en sak etter at den var sendt.

Angående dette punktet, så er ikke endelig svar gitt. Dersom de ser at det ikke er mulig å finne igjen dokumenter som er lastet opp i sak, så håper vi selvsagt på at det tas grep, for det må være mulig å ha en god oversikt på hva som faktisk er sendt inn.

Marita Ireen Drønnen Austdal – Driftskonsulent, Pasientreiser Helse Møre og Romsdal HF

**Brukarutvalet HMR ønskjer å takke for svaret, men ser gjerne at Pasientreiser kjem tilbake med ei ny orientering i Brukarutvalet i løpet av hausten 2025.**

Brukarrepresentant ønskjer å melde inn følgjande tema til eit kommande brukarutvaldsmøte:

- **Tidsstyrt kontra behovsstyrt oppfølging**